

Bøndene terner storbål i morgen

22.06.2012



Båltenning på Stemnepllassen i 1982 med to isetande feriegjester foran

**Dei som tykkjer det er ein fin tradisjon å tenna bål på
Sankthansefta (laurdag kveld i år) bør ta ein tur på
Døsslandsido og stoppa vis a vis Myklebust. Då får
dei ei oppleving som det er mange år sidan nokon opplevde
her i bygda.**

**På Myklebusts grunn på den andre sida av
elva vil bøndene fyra opp eit bål som savnar sidestykkje
i Kvinnherad. Ivar bondelagsleiar Olav Hjetland
Bringedal.**

Bålet på denne staden blir snart tradisjon for det vart tent
også i fjar. Og som i fjar blir tenninga, som finn stad rundt klokka 22
krydra med ymse aktivitetar som kan kallast gode bondeleikar.

Ein av dei er hesteskokasting, ein annan fotball!
Det friske bondelaget forsømmer ikkje noko høve til å driva PR for
deira sak og dette er ein ny og sikkert effektiv variant.

Men nokon minnast kanskje trass i alt med eit visst vemod
den sentraliserte og storlagne Sankthansfeiringa i bygda
i tidlegare tider som hadde brudefylgje og bål ved Stamnepllassen som
viktige ingrediensar.

Kjem det aldri att ei slik markering?

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



På andre sida av elva tenner bøndene bål i morgen